

Fråsegn til vilkårsrevisjonen av Maurangervassdraga

frå


Naturvernforbundet Hardanger

Jondal 3.8.23

Innleiing

Folgefonna, Folgefonna, no kalla Maurangervassdraga, strekkjer seg over eit stort naturområde. Frå sør ved Bondhusbreen i Kvinnherad kommune og nesten tvers gjennom heile tidlegare Jondal kommune til Kvanngrovvatnet i nord. Like langt som heile Folgefonna, Noregs tredje største isbre. Fem store vassdrag er sterkt reduserte, fire store fossar er borte.

Bygdelaga i Jondal og Mauranger hadde tidlegare lite med kvarandre å gjera. Langs fjorden er det fire og ei halv mil frå Nordrepollen til Herand. Utbygginga påførte såleis vassdrag og bygder som låg langt frå kvarandre store tap av natur. Nedbørsfeltet for kraftanlegget er 162 km², men faktisk utgjer det totale nedbørsfeltet for alle vassdraga som er berørte av anlegget mellom 350 og 400 km². Området er samansett av svært ulike typar høgfjellsområde og lågareliggende natur. Her var idyllar og dramatiske naturscener av aller høgaste kvalitet. Og kulturhistoriske stader av stor verdi – ferdselsruer, pilgrimsveg, eventyrleg stølshistorie og nasjonal turisthistorie.



Planlegginga av kraftanlegget skjedde på 1960-talet. Ei tid då miljø- og landskapsomsyn hadde liten vekt. Korleis vurderingar av inngrep og miljøkonsekvensar var utforma den gongen kjenner me ikkje til, og me er ikkje kjent med om det fanst tydelege kritiske røyser som prøvde å begrensa inngrepa. Men omgrepet "områdenes naturskjønnhet" finst faktisk enno i konsesjonsvilkåra. Derfor er det på tide å sjå med moderne auge på kraftanlegget sine konsekvensar for naturen.

Naturvernforbundet Hardanger kjem med forslag til tiltak som er innanfor grensene ein vilkårsrevisjon set. Samstundes er det store prosessar i gong for vern av natur, og me viser til forslag korleis områder i tilknytning til Maurangervassdraga kan bidra til FN's Naturavtale og til arbeidet med supplerande vern.

Sidan Mauranger 2 er omsøkt, må det vera ei opning for å sjå på nye kombinasjonar av vern og utbygging enn i ein rein vilkårsrevisjon.

Elles er viktig å sjå forslag i vilkårsrevisjonen i tilknytning til dei omkringliggende naturområda. Inngrepa som Maurangervassdraga utgjer, har stor påverknad på større og mindre tilgrensa områder.

DEL 1 – Innspel til revisjonsprosessen og sakshandsaminga

Formål og gjennomføring av revisjonen

Skal vilkårsrevisjonen gjennomførast fagleg forsvarleg, må heile noverande konsesjon løftast opp på eit overordna nivå. Konsesjonen må vurderast samla, og derifrå må ein finna kva som kan og bør endrast, takast bort og leggjast til, slik at vasskraftanlegget Maurangervassdraga kan verta eit moderne kraftverk som også tek miljøansvar. Det vert ein tilfeldig og mindre fagleg revisjon, dersom NVE berre fokuserer på dei innsendte konkrete forslaga til forbetringar. Desse krava kom inn etter at kommunane ba om det, ved hjelp av annonsering i avisa og brev til ein del utvalde grunneigarar/fallrettseigarar og andre. Krava trong kommunane for å få legitimitet og tyngd bak sitt krav om revisjon. Dei utgjør mange kloke forslag, men dei er langt frå uttømande for kva som bør vurderast i revisjonen. Arbeidet i ein revisjonsprosess er ikkje så langt unna ein konsesjonsprosess. Heile kraftanlegget skal gåast gjennom for å finna kva konsekvensar det påfører landskapet og naturen, og slik på best måte vedta korleis det bør sjå ut frå no og vidare inn i framtida.

Revisjonsdokumentet frå Statkraft begrensar seg til dei tidleg innsendte krava. Etter ei beskriving av ulike tema om landskap, påverknad og kraftanlegg, beskriv og kommenterer Statkraft utfordringar ved gjennomføring av dei ulike konkrete krava kommunane sende inn. Her finst lite av meir overordna og faglege vurderingar frå Statkraft si eiga side, om kva som bør endrast for at miljøforholda skal verta "up to date". For NVE bør revisjonsdokumentet fungera som kommentar og kunnskapsinnhenting om kva desse tiltaka vil kunna innebera for Statkraft økonomisk og praktisk sett. Men dokumentet bør slett ikkje avgjera kva tiltak NVE skal instilla på

Proessen fram til i dag – vurdering av innkomne forslag

Det har diverre vore lite merksemd på revisjonen lokalt. Det er i alle fall klart at den gamle utbygginga har påført grunneigarane store tap av naturverdiar, som på ingen måte er kompensert.

Naturvernforbundet vil understreka viktigheita av at NVE gir alle forslag som kjem inn i denne høyringsrunden like grundig vurdering, som dei forslaga som vart sendt inn til kommunane før revisjonskravbrevet.

Ein ordiner høyringsrunde med fråsegner sendt direkte til NVE, som omfattar alle sider ved revisjonen, må jo vera ein føresetnad i eit slikt stort arbeid som denne vilkårsrevisjonen er. Me meiner alle forslag tidleg eller seint i prosessen må sidestillast og ha like stor sjanse til å verta vedtekne i den reviderte konsesjonen.

Forholdet mellom vilkårsrevisjonen og Mauranger2

Fleire hevdar at vilkårsrevisjonen og konsesjonshandsaminga av Mauranger 2 må sakshandsamast "samla". Det er me ikkje heilt einige i. Ja, dei må sjåast i ein slags samanheng, men det må skje til rett tid i prosessen.

For Naturvernforbundet er det ein føresetnad at store miljøgevinstar oppnådd gjennom revisjonen ikkje skal inngå i miljørekneskapan for Mauranger2.

Konsesjonshandsaminga av Mauranger 2 må ha den reviderte «gamlekonsesjonen» med alle sine forbetringar som bakgrunn, når kraftverkssøknaden skal vurderast. *På bakgrunn av eit revidert Maurangervassdraga må Mauranger 2 vurderast.*

På desse måtane har naturen også størst moglegheiter til å få ei rettferdig behandling etter dagens miljøkrav i revisjonsprosessen. Det vert også langt lettare å få oversikt over og

vrdera det nye kraftprosjektet sine negative verknader for miljøet. Og alle sider ved Mauranger 2 kjem då heller ikkje "i vegen" og vanskeleggjer oversikta over kva krav som er rett å vedta i revisjonen.

Men skulle det visa seg at Mauranger 2 får konsesjon, må dette få konsekvensar for vilkårsrevisjonen. Konsesjon til Mauranger 2 bør føra til at NVE innstiller på at Statkraft skal gjennomføra fleire miljøforbetrande tiltak enn dersom Mauranger 2 ikkje vert ein realitet. Mauranger 2 vil utan tvil innebera inngrep og negative påverknad. Det gjeld ikkje minst den enorme effektøyringa av kraftverka, som er kjernen i det nye prosjektet. Her bør ein del av verdiane som forsvann i "det gamle kraftverket" givast attende til naturen.

Det er komplisert med revisjon og konsesjonssøknad samtidig i eit så stort kraftanlegg. Me har likevel tru på at NVE finn rette vegen å gjera dette på, berre det vert sett av nok ressursar.

Konsesjonen til Overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet med inntak i Blådalen, Kvitnadalen og Botnane frå 2012

Naturvernforbundet Hardanger stiller seg undrande til at vilkåra som gjeld denne konsesjonen skal reviderast. Denne konsesjonen meiner me er gått ut. Konsesjonssøknaden Mauranger2 har likskapar med denne, men er eit heilt anna kraftprosjekt med andre konsekvensar og andre bekkeinntak.

Me hevda i fråsegna vår til Mauranger2 at konsesjonssøknaden må handsamast av NVE som eit nytt kraftprosjekt. Statkraft har valt å ikkje byggja det konsesjonsgivne prosjektet frå 2012, og konsesjonen må dermed sjåast på som ikkje-eksisterande. Konsesjonen vart gitt 30.3.2012. Vilkår nr 4 presiserer at "arbeidet må påbegynnes 5 år frå konsesjonens dato". Statkraft søkte om utvida frist, og i 2017 forlenga NVE byggefristen med fem år til, fram til 30.3.2022. Arbeidet med kraftprosjektet var ikkje påbegynt innan den utvida fristen gjekk ut. I staden søkte altså Statkraft om konsesjon for eit anna kraftverkprosjekt, Mauranger 2 i mai 2022.

Del 2 - Sentrale faglege tema i revisjonen

Minstevassføring gitt i revisjonen

Minstevassføring i tørrlagde elveløp, er det vanlegaste tema i revisjonssaker. For alle elvar som i dag er utan minste vassføring må det i revisjonen vedtas at elvane, herunder dei fire store fossefalla, skal få attende vassføringa. Slik hadde sjølv sagt resultatet vore om kraftverket hadde vorte konsesjonsbehandla i nyare tid. Dette kravet er viktig ut frå naturomsyn, men for reiselivet og friluftslivet har dette óg stor verdi.

Det må vera ein storleik på denne vassføringa som gjer at mindre og større organismar kan få attende ein rimeleg del av habitatet dei hadde før utbygginga. Her er den vitskapelege kunnskapen om livet i elvane stor. Men viktig er óg kunnskapen om tilstanden på biotopane i elvane før utbygginga.

Naturvernforbundet ynskjer ein minste vassføring av ein slik storleik at elvane atter vert markante i landskapa. Dette vil variera frå elv til elv kor mykje vatn som skal til. Sjå til dømes på Såfoss, i Austrepollen, høgt oppe ved sida av Hardingaskaret. Den har middels vassføring, men er likevel eit kraftfullt element i landskapet. Denne fossen er ikkje bygd ut, men den seier oss noko om korleis ei relativ mindre vassmengd kan utgjera ein til dels kraftfull foss. Fossen har litt av dei same karakterane som Brufoss i Bondhusdalen, men dei andre tre store

fossane er annleis. Det kan altså variera mykje frå foss til foss kor mykje vatn som skal til for at fossen vert tydeleg og ser "naturleg" ut. Dei nære landskapsformene og sjølve forma på elvelaupet og opphavleg vassføring er nokre av dei faktorane som spelar inn her.

Minstevassføring og konsekvensar for kraftverk nedstraums Maurangervassdraga

Naturvernforbundet vil presisere at ny minstevassføring pålagt Statkraft ikkje skal bidra til kraftproduksjon i elvekraftverka nedstraums. Dette gjeld for tre elvekraftverk og eit eldre kraftverk (Eidefossen) i Jondalsvassdraget og Herand kraftverk i Herand/Storelva. Noko anna gir uønskte konsekvensar av kostnadane Statkraft vert påførte pga det pålagte vassleppet. Minstevassføringa er for fleire elvekraftverk låg og vintervassføringa alvorleg låg. Kraftverka er bygde og finansierte på grunnlag av allereie vedtekne vassmengder til produksjon.

Folgefonna Nasjonalpark, supplerande vern og naturrestaurering

Grensene til verna områder vert frå til tid til anna vurderte og endra i tilknytning til styresmaktene sine ynskjer og nye verneområde vert etablerte. Dette er høgst aktuelt for realisering av FN-avtalen sine mål. I tillegg kom Stortingsmelding 14 (2015-2016) *Natur for livet* med omgrepet Supplerande vern. Dette skal vera både større og mindre nye områder som vert verna eller utvidingar av eksisterande verneområder. I 2019 leverte Statsforvaltaren Vestland forslag med 99 verdfulle områder aktuelle for vern til Miljødirektoratet. Eit av områda ligg i midtre delen av Folgefonna nasjonalpark. I 2023 har Statsforvaltarane på nytt fått til oppgåva å finna aktuelle områder. I etableringa av nasjonalparken var mellom anna områder nord og nordvest for Folgefonna aktuelle. Naturvernforbundet ser det som naturleg at dette vert vurdert i revisjonsprosessen og at NVE går i dialog med Statsforvaltaren og Miljødirektoratet om dette. I revisjonen bør NVE vurdere moglegheitene for naturrestaurering. Kan eit sterkt redusert inngrep inngå i eit verna område og kan reduksjonen av eit inngrep gi motiv for å gi området ein vernestatus? Det finst mange typar verneområde som har vorte etablert der det frå før finst inngrep.

FN sin Naturavtale - krav om meir verna natur og naturrestaurering

Den nyleg underskrivne Naturavtalen til FN forpliktar all forvaltning av norsk natur. Det same gjer FN sitt tiår for naturrestaurering. Både set store krav til endringar av praksis. Gjennom FN-avtalen har Noreg vedteke at 30 % natur i landet vårt skal vera verna innan 2030. I tillegg skal 30 % natur restaurerast attende til opphavleg tilstand. Alle miljøorganisasjonar lanserte 9. juni i år ein «veglear», *For Naturen*, om korleis desse måla kan realiserast i ulike samfunnssektorar. Regjeringa har så langt vore taus om korleis måla skal nåast, men arbeidar med ei Stortingsmelding som skal visa vegen. For naturen er meint som ei hjelp til og rettesnor for denne Stortingsmeldinga.

Naturvernforbundet er ikkje kjent med om NVE og Statkraft har fått styrande dokument med råd og krav knytta til FN-avtalens mål. Det er innlysande at dersom Storting og regjering skal realisera desse måla, må statens arbeidshestar Statkraft og Statnett, dra like mykje av lasset som andre offentlege aktørar. Dei "har handa på verket", og utfører enorme prosjekt med direkte verknad på natur og miljø. Naturvernforbundet meiner desse statsstyrte bedrifter er avgjerande for at Naturavtalen skal lukkast.

Det er eit minstekrav frå Naturvernforbundet at Naturavtalens mål vert konkretisert og tydeleg gjenspegla i revisjonen av Maurangervassdraga.

Anadrome fiskebestandar

Alle dei fem elvane i Herand, Jondal, Nordrepollen (Øyre), Austrepollen og Sunndal/Bondhus hadde gode bestandar med sjøaure og villaks. Sjøaure og villaks har hatt ei dramatisk nedgang i området Mauranger og Hardanger. Me ber NVE vurderer kva som kan gjerast, for å betra habitatet for desse fiskestammene i tillegg til auka vassføring i alle elvane. Det var lenge planar om laksetrapp i Jondalselva, først lansert av Bergen Sportfiskeklubb på 1920-talet. Etter bygginga av det nye kraftverket i Haugafossen, vart vassføringa svært liten. Men vasslepp frå Statkraft i Dravladal kan hjelpa godt, dersom denne vassmengda vert tillagt minstevassføringa i Jondalselva. Jondalselva har truleg óg ei utfordring med temperaturen i elva. Naturvernforbundet ber NVE undersøka om dei fem kraftverka påverkar vasstemperaturen for mykje i den nedre delen av elva og eventuelt finna løysingar på dette. Det skjer mykje forskning på dei anadrome fiskeartane og fokuset på anadrom fisk er stort i konsesjonssaker, men det er overraskande svake resultat av tiltaka som vert sett i gong. Me oppmodar NVE vedta ei felles tiltakspakke, der innsatsen vert sett høgt for å oppnå ei positiv utvikling for fisk i alle vassdraga som høyrer inn under Maurangervassdraga.

Nabovassdrag og tilgrensa områder

Revisjonen skal omhandla dei overføringar av vatn som har fått konsesjon.

Naturvernforbundet vil uansett poengtera verdiane av det u-rørte landskapet.

Alle inngrep i bekker og tjern som ikkje er ein del av kraftanlegget i dag, vil øydelegga målet til ein vilkårsrevisjon.

I 2005 fekk Statkraft konsesjon til overføring av Kvangrevatnet nær vestgrensa av Maurangervassdraga sitt dåverande nedbørsområde. Til denne konsesjonssøknaden var det nesten ingen som responderte i høyringa. Overføringa medførte at eit urørt vassdrag i Flatabødalen i Nordrepollen mista delar av vassmengda si. Slikt har me ikkje råd til å mista i framtida på Folgfonnhaløya. Det seier seg sjølv at skal me ta naturverdiar og vassdragsnatur på alvor, er det ikkje meir vatn å ta til vasskraftproduksjon på ei mellomstor halvøy med to enorme anlegg på til saman 3000 GWh, Maurangervassdraga og Blåfalli, og rundt 70 elvekraftverk/småkraftverk.

Naturvernforbundet ynskjer eit ekstra fokus på det inngrepsfrie området nordvest for nasjonalparken, nord for Juklavatn, fjell- og stølsområdet mellom Storafjell, Hestadalen, Smolnuten, Steinafjell, Mysevatn, Øykjafjell og Espelandsfjellet.

Her ligg tre stølar langs eit vassdrag, med mindre tjødnar og vatn omkring. Snakkar me om naturskjønnheit, heilskap og friluftliv, er det ikkje mange områder som kjem opp mot dette. Me ber NVE vera på vakt mot alle planar om inngrep her og sjå dette området som høgaktuelt for framtidig vern.

Del 3 Området før utbygging på 60 talet. Tap av natur og endringskrav.

HERANDVASSDRAGET – Storelvi og Bjørndøla

Reguleringa av Kvangrøvatnet er det einaste inngrepet i dette store området og er det einaste inngrepet av større karakter i vassdraget over tregrensa. Rett nok kan Vidalsvatnet 699-698 moh regulerast 1 meter, for å oppretthalda nok vatn i elva til settefiskanlegget ved

fjorden. Men reguleringa gir få negative verknader. Me har óg fått info om at denne reguleringa er lite nytta, dvs at vassflata følgjer mykje naturleg variasjon i vassføringa gjennom året. Området har fire større vatn i sjølve hovuddalføret. Kvanngrovatn ligg på eit nivå høgare oppe, omgitt av mange mindre vatn og tjødnar, fleire med fisk av god kvalitet. Samla er her meir enn 12 vatn og tjødnar.

Ei endring av Kvanngrovatnet vil få stor effekt for eit stort *samanhengande naturområde med urørt preg*.

Vierosen var før utbygginga den mest kjende fiskeplassen i vassdraget. Kvanngrovatn var den andre. *Vierosen* er der elva frå Kvanngrovatn renn ut i Tostølsvatnet. Etter overføringa av Kvanngrovatn, er elva, her kalla *Bjørndøla*, så og seia turrlagt. Naturvernforbundet vil ha attende vassføringa i *Vierosen*.



Dalføret der Herandvassdraget renn er stort og opent. Det ligg godt til rette for friluftsliv som telting og fiske. Me kjenner ikkje til eit liknande breitt dalføre på Folgefonnshalvøya, med så mange større fiskevatn etterkvarande innerter. På vinteren og rundt påsketid var det turen til Jonstein eller Solnut som var det store og den finaste. Den gjekk over isen på Kvanngrovatn. Etter oppstiginga frå Vidal, var det vakkert å kunna skri ned på vatnet og gå innover isen mot dei store fjella. Dette er uråd i dag pga reguleringa. Å gå rundt Kvanngrovatn let seg gjera på austsida, men er krevjande for mange.

Kvanngrovatn vert senka 35 meter under opphavleg vasstand i følgje kartet og revisjonsdokumentet. Vatnet vert senka så mykje at det deler seg i to.

Me har fått opplysning frå lokale folk at opning og stenging av luka ved tunnelopninga berre kan gjerast manuelt. Det betyr at personell må flygast inn for dette. Det er kostbart, og avhengig av véret. Fjernstyring kunne gjort at ei miljøtilpassa manøvrering lettare kan gjennomførast. Dette kan vera årsaka til at Kvanngrovatnet dei siste tiåra nesten alltid er observert som heilt nedtappa, sjeldan som fullt magasin. Magasinvolumet er lite, kun 4 Mn3. Ei ny manøvrering som gav trygg is på seinvinteren og fullt magasin om sommaren og tidleg haust har difor ikkje den største kostnaden for Statkraft og bidrege til å auka naturoppleving her.


Naturvernforbundet ynskjer å vita kor mykje reguleringa av Kvanngrovatn betyr for Statkraft? Kunne det vore mogleg å la tilsiget gå gjennom tunnelen, unnateke ei tilpassa vassføring ned til Vierosen sidan magasinet er så lite? Det er i dag eit inntak/sjakt, der overskytande vatn renn inn når magasinet er fullt. Dersom denne sjakta er for liten, må den kunna utvidast. Me veit at forslaget ligg utanfor revisjonens rammer, men sett i den store samanheng vil dette vera naturleg å vurdere.

JONDALSVASSDRAGET: Krossdalselva, Flatabølva, Brattabølva og Skarvabotn

Dette er det største vassdraget av dei fem. Hovudtilførsla kom frå Dravladal/Folgefonna, med vasstilførsel undervegs mot fjorden frå Skarvabotn/Botsvatn, Vassenden og Stølsdalen. Maurangervassdraga har stengt tilførsla av vatn i Skarvabotn og ved Dravladalsvatn. Det ligg to større vatn i Krossdalen. Frå fjorden og om lag ei mil opp langs vassdraget er det bygt fem kraftverk og endå eitt til har konsesjon.

Skarvabotn og Botsvatn

Elva betydde mykje for landskapet ved Skarvabotn og Botsvatn. Stølen Botnen ved Botsvatn er eit kulturminne av stor verdi. Her startar den kjende turstien *Buførevegen*, stølsvegen mellom garden Måkastad ved Sørfjorden og Botnen. I denne vart det for få år sidan lagt ned mykje arbeid og pengar, med sherpatrappar på begge sider av fjellet og store vardar undervegs. Like kjend er pilgrimsvegen som går opp Stabergsdalen litt heimanfor Botsvatn.



Denne er merkt som del av *Den nasjonale pilgrimsleden*. Krossdalen har truleg namn etter eit Sælehus og kapell på Brattabø. Veggen gjekk over fjellet til stavkyrkja i Røldal. Stien rett opp Skarvabotn er mykje nytta til Jonstein, som er ein populær fjelltur.

Vegen til Skarvabotn er stengd og i dårleg stand. Det er ein stor tipp/deponi av tunnelmassar i Skarvabotn, og mykje massar ligg i elveløpet ned mot Botsvatn. Fjerning av veggen, tilbakeføring av naturen og tilpassa vassføring i elva vil vera eit viktig tiltak for å gjera opplevinga av stølen og Botsvatn rikare.

Dravladalsfossen var ein av dei fire store fossane som vart



borte i utbygginga. Det finst fleire måleri og mange fotografi av fossen. Store vassmengder i fritt fall gav ei kraftfull oppleving. Rett nedanfor ligg to tjødnar, der fiske var særst godt før utbygginga. Under fossen og i elva ned mot øvste tjødna finst mykje massar frå

anleggstida. Elva ned til Krossdalen var eit storslege landskapselement, med to fossar til undervegs. Fjellstova *Olastølen* tok i mot gjester frå 1950-talet med fotturar og godt fiske i vassdraget. Krossdalen – Dravladal var ein av to vegar å gå for å koma til Folgefonna frå Jondalsida. I dag den einaste, sidan reguleringa av Juklavatn har stengt for den mest brukte.

Området ved Tjødnane er langt fattigare i dag. Det gode fiske er borte. Opplevinga av den voldsomme fossen og elva som rann stor over nakne berg er skifta ut med taus og total mangel på vatn. Elva frå Vetlavatn er óg borte i ei sjakt ovanfor.

I sørenden av Dravladalsvatn går Jukladalen inn. Dette er truleg den mest dramatiske dalen tett på Folgefonna. Her heng breen over bratte stup, lokst over vatnet. Isen rasar og knuses ned mot vatnet. I heimste enden vaks for nokre hundre år sidan brearmen seg over vatnet



og demde opp. Så braut det oppdemde vatnet seg brått gjennom, og storflaumen øydela åkrar og lagde nye elveleier i Krossdalen og Jondal. Nordsida av Jukladalsvatn har alltid hatt ord på seg for å vera ein stad der sjeldne planter kan finnast. Inst i Jukladalen heiter det Slaktekrakkjen, for var sauene her seinhaustes, kunne det vera uråd å få dei heim i snøen over fjellet. Jukladalsvatn er djupt og vert senka 93 meter.

I nordenden av Dravladalsvatn låg før utbygginga eit verdfullt stølsanlegg. Steinbuer, ein sjeldan byggemåte for stølshus på Folgefonnhavøya. Seinare vart buene bunde saman med steingjerde rundt. Når vatnet er nedtappa, kan ein sjå restane. Det stod óg to naust tett ved stølen. Her kom elva frå Revavatna ned, ein vakker foss, Ljorefossen. Det går ein bratt spanande sti opp langs fossen, gjennom ein liten tunnel som heiter *Ljoren*. Så vidt me veit er dette einaste stølen som vart demd ned i utbygginga. To av grunneigarane bygde seg nye hytter ovanfor, men dei andre grunneigarane har ikkje lenger hytter/stølshus i Dravladal. Og nausta forsvant for alltid. Båtfeste/opptrekk måtte dei sjølv bygga seg i andre enden av vatnet. Grunneigarane fekk ingen som helst kompensasjon for alt dei mista, noko som synes heilt uforståeleg i dag. Oppe ved Revavatna er det eit vidt og opent landskapsrom. Her er mykje grasmark for å liggja på 1100 – 1200 moh. Området er ulikt andre områder rundt

Folgefonna og kunne gjerne lege vest på Hardangervidda. Grunneigarane har stelt godt med fiske her.



Revavatn. Foto Anne Karin Enes

Heimsta Revavatn, det Revavatn som ligg lengst vest, vart i konsesjonen gitt løyve til å senkast 5 meter og demmast opp 1 meter. Dette er ikkje gjort. Det er ei stor føremon for landskapet her. Vatnet frå Revavatna vert ført i tunnel inn mot Jukladalsvatn. Derifrå kan det førast til Jukla kraftverk. Det er ingen minstevassføring i elva frå inntaket og ned til Dravladalsvatn. Det bør i revisjonen påleggast minstevassføring her. Det vesle vatnet nedanfor, *Ljoretjødn*, var eit godt fiskevatn. Det bør vurderast i revisjonen om ikkje all vassføringa frå Revavatna kan renna ned i Dravladalsvatn, slik fossen og livet i vassdraget ved Ljoretjødn kjem attende. Sidan reguleringa av Heimste Revavatn ikkje har vorte realisert, ber me om at dette vert teke bort i konsesjonsvilkåra. Det hadde gjeve ein tryggleik for at eit slikt inngrep ikkje vert gjennomført i framtida.

ØYRESELVA

Øyreselva er det mest dramatiske av vassdraga i Maurangervassdraga. Elva kjem frå eit stort høgtliggande fjellområde, langt inne ved Folgefonna. Det er her Kvitnadalen og Blådalen deler Folgefonna i tre. Ingen stad i Maurangervassdraga er naturen så prega av breen og høgfjellet. I dag er einaste inngrepet her senkinga av Blådalsvatn og tømning gjennom ein kort tunnel til Midtre Kvitnadalsvatn. Men dette har fått store konsekvensar for nasjonalparken, som fekk ei altfor sterk avgrensing her ved Midtre Folgefonna. Ein må gå langt inn for å nå nasjonalparken. Naturvernforbundet meiner dette området i nærleiken av dei tre breane, fortener eit større verna areal.

Den kanskje mest kjende skituren på Folgefonna er truleg skadelidande av senkinga av Blådalsvatn. Det er mange gonger registrert overraskande dårleg is på Midtre Kvitnadalsvatn, gjerne tidleg i mai. Årsaka trur me er vasslepp frå tunnelen frå Blådalsvatn. God is på dette vatnet er ein føresetnad for skituren, annan passasje finst ikkje. Dette er tydeleg påpeika av fleire i samband med Mauranger2, der regulering av Midtre Kvitnadalsvatn faktisk er planlagt.

Her inne ligg óg det vide høgfjellsplatået mellom Hundsøyra og Markjelke. Her kryssar den gamle ferdselsvegen opp Hardingaskaret gjennom Kvitnadalen til Sørfjorden. Kvitnadalen er ein viktig passasje for hjort mellom Mauranger og Sørfjorden.

I fjella ved Øyreselva fanst uvurderleg verdifulle stader: Området ved Juklavatn med breen i vatnet, Skjørdalsfossen og kanskje Folgefonnhalvøyas vakraste utsikt. Markjelke med stølsminnene og fonna bak i Botnane. Og området inst inne mot Midtre og Søndre Folgefonna. Alle desse stadane låg langt frå folk og krov kjennskap og styrke for å nå. Men det gav så mykje å nå inn dit. Bortsett frå dei øvste delane av vassdraget, er områda totalt endra etter utbygginga.

I Markjelke fanst det før utbygginga restar etter ein støl frå 1761 med 11 sel/stølshus, *Markjelkedalen*. Det er ei av dei mest eventyrlege støls historier me kjenner til. Gardane Nå og Kvestad tok kyrne opp frå Sørfjorden og over Folgefonna. Etter kort tid byrja dei bruka ein lengre veg over Veranuten og rundt Juklavatn. Heile dette verdfulle kulturminne vart fyllplass for tunnelmassar, som etterpå vart planert ut i området. Alle som kjenner området ser på denne hendinga som grov miljøkriminalitet. Sør for vatnet rann den brusande *Fagerdøla* stor av vatn frå Svartedalen og dalane innanfor. Der elva renn djupt nede i eit canyon-aktig juv, hoppa mannen Svale over for redde seg frå ein bjørn.

Frå Juklavatn renn Skyrdalsfossen ut. Dette var den fossen av dei fire store som var vanskelegast å finna. Men kanskje den fossen som gav mest. Slik skreiv ein kar som kalla seg "–p." i Den Norske Turistforenings årbok for 1875: *«Men pludselig bryder solen gjennom tågen: Juklevandets blågrå speil ligger foran os i få skridts afstand og på den modsatte side Folgefonnen, som her næsten lodret skyder lige ned i vandet. Store isstykker, der efterhvert have revet sig løs fra bræen, flyde omkring i vandet. (...) Det er meget sandsynligt, at Skjørdalsfossen ikke kan måle sig med Vøringsfossen og Skjæggedalsfossen, hva vandmængden angår, men den hele tur med Juklevand og Folgefonnen anser jeg for langt mer interessant end en tur til de to sidtsnævnte»*



Skjørdalsfossen med Juklavatn og Folgefonna bak. Foto K. Knudsen, UiB

Den store turistfarten til Folgefonna frå Mauranger føregjekk mest om sommaren, og hadde si blømingstid fram til første verdskrigen. Turen over Juklavatn gjekk på ski på seinvinteren, mars og april. Ved påske krydde det med folk i hyttene og stølsbusa på Breisete og på dei

andre Jondal- og Krossdalstølane. Bygdefolk og påsketuristar nytta vegen ut til Mysevatn, Måsadalen, skrei ut på Juklavatn og gjekk inn til breen og opp på Folgefonna. Denne vegen vart umogleg etter reguleringa av Juklavatn.

Folk frå Nordrepollen kom ut på Juklavatn gjennom Smalaskaret frå Markjelke, men beste vegen opp var ryggen sør i Botnane. Her kjem ein opp på eit platå framfor breen med stor utsikt. Fleire små tjødnar med bekker mellom i botnen over Svartavatn, med breen liggande oppi den slake sida. Omtrent her vil Statkraft laga eit bekkeinntak i Mauranger 2. Frå Markjelke gjekk óg mange opp via Svartavatn og til Hundsføya. Ein kunne óg gå inn Blådalen, men den turen er óg borte pga nedtappinga av vatnet.

Å gå mellom bygdelaga Jondal og Mauranger var ein av storturane i fjellet som ein snakka mykje om. Mange frivillige lag har gjennom åra arrangert fjellturen frå Krossdalen til Markjelke og Nordrepollen.

AUSTREPOLLELVA

Som andre har teke opp i fråsegnene sine, er ridevegen opp frå Austrepollen eit svært viktig kulturminne. Sundefossen, vegen opp den bratte lia og vidare langs Mysevatn, hytta i Urdabotn og Hundsføya og så Folgefonna gav ein usedvanleg tur i norsk natur.



Austrepollen var den bygda i Mauranger som var mest prega av vassdragsnatur. Ei stor og brei elv midt i bygda. Sundefossen var ein stor foss og mellom dei 30 høgaste fossane i landet. Miljøet og vegetasjonen i lia ved fossen vart endra etter utbygginga, det merkast på sauene som før beitte der frå og med Såfoss byrja renna på føresommaren. Såfoss er ein urørt foss på motsett sida av dalen, som fell loddrett ned høgt ovanfrå. Ved sida vises Hardingaskaret i himmelsynet, der ferdseisveg til Sørfjorden gjekk og kyrne vart tekne opp til stølen Breiaskaret.

BONDHUSELVA

Bondhusdalen har alltid vore ein usedvanleg vakkert forma dal. Bondhusbreen inst, høgt ovanfrå og langt ned under tregrensa. Elva i dalbotnen, Bondhusvatnet med elvane brusande

frå Fønderdalen og frå Bondhusbreen. Og Brufossen, ført opp som den tiande høgaste fossen i landet på internett. Brufossen stod markert i landskapet rett ved Bondhusbreen.



Bondhusdalen, Brufoss til venstre. K. Knudsen, UiB Folkemuseum



Brufoss. A. Lindahl, Norsk Folkemuseum

Den legendariske turisthistoria frå andre halvdel av 1800-talet og fram til første verdskrigen grunna seg på Bondhusdalen, ridevegen med alle svingane opp til Gardshammar, Bondhusbreen, Bondhusvatnet, ridevegen frå Austrepollen og like fin veg ned på andre sida av Folgefonna til Odda. Saman med fossefalla Brufoss og Sundefossen, Sunndal pensjonat og hestetransport over Folgefonna og Mauranger i seg sjølv er dette landskjent historie. Kunstnarar som Amaldis Nielsen og Anders Askvold kom óg og fann motiv her. Etter at Fonnabu vart bygd, har Bondhusdalen vore sentral i friluftslivet på Folgefonna.

Del 4 – Oppsummering. Konkrete forslag og krav

Innspela våre til vilkårsrevisjonen for Maurangervassdraga kan samanfattast slik:

1. Tilpassa vassføring i alle elvar og fossar som kraftanlegget har fråteke vatnet frå. Vassføringa må ha ein tilpassa storleik som gjer at dei fire store fossane atter vert tydelege landskapselement. Frislepp av dei 4 fossane i kortare periodar på sommaren. Det må vere nok vassføring til å byggja oppatt livet i elvane og vatna og mogleggjera ei stadeigen auestamma tilsvarande den som fanst der før utbygginga.
2. Habitatforbetrande tiltak bør setjast i verk i elvar og vatn der fiskestamma har vorte skadelidande av utbygginga. Massar og grus i elvane og vatna etter anlegget må fjernast. Det same gjeld særskild skjemmaende tippar/samling av massar. Manøvreringa må styrast slik at gyteforholda vert reetablerte der desse er skada.
3. Tradisjonsbundne og verdfulle turtraséar må reetablerast og ikkje skadast i framtida. Viktige vintertraséar over regulerte vatn må atter gjerast mogleg å gå, ved at manøvreringa er slik at isen er trygg i mars og ut i mai. Magasin/vatn i viktige friluftslivsområde må vera oppfylte/HRV i månadane juli, august og september. Målet må vera å auka graden av naturoppleving i det utbygde området. Folgefonna

er heilt sentral for friluftslivet i regionen, men ho minkar kraftig. Derfor er det viktig å ta vare på og auka friluftslivskvalitetane på Folgefonnhalvøya.

4. Det har skjedd ei betydeleg auke i tilsig i området sidan konsesjonen vart gitt i 1969. Folgefonna, som utgjer 36 % av nedbørsfeltet, har óg dei siste 30 åra hatt ei auka avsmeltinga på grunn av klimautviklinga. Dette er eit viktig argument for å innfri meir i revisjonen.
5. Naturverdiar og verdiar for friluftslivet som gjeikk tapt i utbygginga må ha avgjerande betydning for kva som vert oppnådd i vilkårsrevisjonen.
6. Naturrestaurering, utviding av verneområde og nye verna områder bør vurderast i vilkårsrevisjonen. I konsesjonsbehandlinga av Mauranger2 må desse tema i høgste grad stå i fokus.
7. Alt av vasslepp som Statkraft vert pålagt i reviderte vilkår må renna i elvelaupet heilt ned til fjorden. Vassleppet skal ingen stad langs vassdraget brukast til auka vasskraftproduksjon.

Konkrete forslag og krav i kvart vassdrag/område i vilkårsrevisjonen

HERANDVASSDRAGET: Storelvi, Bjørndøla og Kvanngrovatn

- Vassføring ned til Vierosen. Storleiken på vassføring bør vera slik at fiskeforholda i Vierosen kan reetablerast.
- Manøvrering som gjer av isen på vatnet kan brukast på skituren Herandstølane – Jonstein og Solnut i mars og april.
- Manøvrering som pålegg fullt magasin i månadane juli, august og september.

JONDALSVASSDRAGET: Krossdalselva, Flatabølva, Brattabølva

Skarvabotn

- Vassføring i elva frå Skarvabotn. Vassføringa må ein ha storleik slik at gyteforhold og andre forhold for fisken i elva ovanfor Botsvatn vert betra.
- Fjerning av massar og grus frå anleggstida i elva ovanfor Botsvatn
- Anleggsvegen frå Botsvatn til Skarvabotn vert fjerna og landskapet tilbakeført tilsvarande før utbygginga.

Dravladal:

- Vassføring i Dravladalsfossen som gjer den og elva nedanfor til eit tydeleg landskapselement
- Habitatforbetrande tiltak for aurestamma i Tjødnane. Fjerning av grus og massar frå anleggstida ved Øvste Tjødna og ovanfor langs elva og ved Dravladalsfossen.

Revavatn

- Minstevassføring frå inntaket ved tunnellen og ned til Dravladalsvatn
- Fjerna løyve til regulering av Heimste Revavatn i konsesjonsvilkåra

Øyreselva og Juklavatn

- Vassføring i Skjørdalsfossen slik at fossen vert eit tydeleg landskapselement
- Manøvrering som gjer isen på Juklavatn trygg å gå på i mars og april

- Manøvrering som gjev fullt magasin/HRV i august og september i Juklavatn

Markjelke/Fagerdalen

- Er sterkt prega av kraftverksanlegget. Naturvernforbundet ber NVE ha fokus på restaurering som kan bidra til gode friluftsliv- og naturopplevingar.

Blådalsvatn/Midtre Kvitnadalsvatn

- Manøvrering av Blådalsvatn som gir trygg is i mars, april og mai
- NVE fjernar/omgjer ubrukt løyve til oppdemming av Blådalsvatn.
- NVE fjernar ubrukt løyve på regulering av Stutatjørn og Brufossvatnet

Austrepollelva

- Vassføring i Sundefossen som skapar eit tydeleg landskapselement
- Betra stien langs Mysevatn

Bondhuselva

- Vassføring i Brufossen som gjer den til eit tydeleg landskapselement
- Vassføring i Fonnrelva frå Bondhusbreen som aukar opplevinga av landskapsrommet under breen

Vern og naturrestaurering i vilkårsrevisjonen/Mauranger2-prosessen

HERANDVASSDRAGET: Storelvi, Bjørndøla og Kvanngrovvatn

- Redusert regulering av Kvanngrovvatn
- Reguleringa av Kvanngrovvatn vert avslutta. Tilpassa vassføring ned til Vierosen, resten av tilsiget vert ført via tunnelen til Dravladalsvatn slik som i dag.
- Kvanngrovvatn vert teke ut av *Maurangervassdraga*. Tiltaket vil resultera i eit stor nytt urørt naturområde.

JONDALSVASSDRAGET: Krossdalselva, Flatabøelva, Rossdalselva og Brattabøelva

- Fjerna løyve til regulering av Heimste Revavatn i konsesjonsvilkåra
- Tilsiget i vassdraget frå Revavtan får renna uforstyrta ned til Dravladalsvatn. Inntaket for tunnelen mot Jukladalsvatn vert stengd. Eit stort naturområde vert dermed frigitt til vern.

Øyreselva

- Høgfjellsplatået mellom Hundsøyra, Hardingaskaret, Markjelke og Midtre Kvitnadalsvatn vert teke inn i Folgefonna nasjonalpark
- NVE fjernar/omgjer ubrukt løyve til oppdemming av Blådalsvatnet
- Reguleringa av Blådalsvatn vert avslutta. Nasjonalparken vert utvida.

Avslutning FN-avtalen handlar om artsmangfold. Produksjon av fornybar energi kan handla om klimakrisa. Både klima og mangfold er nøkkeltema for menneska og samfunnet. Mykje av kreftene som er lagt ned for å ta vare på naturen dei siste hundre åra, var motivert av opplevinga vår av urørt natur. Ei oppleving dei fleste menneske lengtar etter, som gir dei glede og mening. Tida er inne no, for ein vilkårsrevisjon som til fulle tek naturen på alvor og som set eit tydeleg skilje mellom korleis landskapet ser ut før og etter revisjonen. Og som endrar miljøforholda vesentleg til det positive.

Innsjøen Gjende var ein av dei fyrste store kampane for natur i Noreg. Opplevinga av dei store rom, fjell, blinkande fjellsjø og høgtid låg bak kampen. Dei fleste i OED, NVE, Statkraft og menneska i bygdene rundt Folgefonna og i naturvern- og reiselivsorganisjonane kjenner dette, og set det høgt.

Bekken og elvane betyr noko for menneska her, men det vert usagt av dei fleste.

Maurangervassdraga vart bygde ut i ei anna tid, der natur vart omgjort til kW og kr. Stølsdrift var slutt og det moderne friluftslivet hadde så vidt fått fotfeste.

I dag 60 år seinare står me fram for enno større utfordringar med naturmangfold og klimaendringar. Naturvernforbundet ynskjer og forventar at Statkraft kjem med sine forslag til korleis ein gjennom revisjonen kan finna løysingar, som verkeleg gjev resultat for naturen og får vår opplevinga av naturen på Folgefonna .

Og samtidig vera eit startskott for det nye tiåret med naturrestaurering.



Merk kor tydeleg Skjördalsfossen er i landskapet oppe til venstre.

Foto K. Knudsen, UiO

På vegne av Naturvernforbundet Hardanger

Bård Kråkevik

Klaus Rasmussen, leiar



Naturvernforbundet

Hardanger